

---

**Saknr:** 2020/43381-77  
**Saksbehandler:** Petter Lem Gullestad  
**Dato:** 28.04.2020

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Tillegg til sak: Justering av opplæringstilbudet skuleåret 2020/21

I samband med sak om justering av opplæringstilbudet skuleåret 2020/21, vil fylkesrådmannen gi ei kort orientering.

#### Behandling i hovudutval for opplæring og kompetanse

Saka var oppe til behandling i hovudutval for opplæring og kompetanse 20.04.2020. Hovudutvalet fatta då vedtak i saka, der det i vedtaket punkt 2 går fram:

«Punkt 2:

Hovudutvalet ønskjer å auke talet på grupper etter innspel frå næringsliv og andre. Dette vil gjere at fleire elevar får innfridd 1. valet sitt, noko som vi veit er viktig for gjennomføring. Dessutan vil ein auke i gruppetalet betre svare til dei behova som er i arbeids- og næringslivet.

Hovudutvalet ber om at fylkesutvalet finn finansiering til desse gruppene:

Studiespesialisering:

+ 1 klasse VG1 studiespes ved Bømlo VGS

+ 1/2 klasse VG1 studiespes og 1/2 VG1 idrett ved Firda VGS

+ 1 klasse VG1 studiespes ved Austevoll VGS

Elektro:

Ved Eid og Flora VGS vert plasstalet på VG1 elektro sett til 12.

Det vert sett i gang 3 klasser VG1 elektro på Eid VGS

Det vert sett i gang to klasser VG1 elektro ved Flora VGS

Totalt vert klassetalet på VG1 elektro auka med 2»

#### Fylkesrådmannen si vurdering av hovudutvalet sitt vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse har mynde til årleg å vedta tilbudet om vidaregåande opplæring i fylket *innanfor den økonomiske ramma som er vedteken av fylkestinget*, jf. reglement for delegering etter særlov, lov om opplæring § 3-1.

Saksframlegget frå administrasjonen var utarbeidd under denne føresetnad, og der hovudutvalet skulle ta endeleg avgjerd i saka.

Av reglement for økonomiforvaltninga punkt 3.2, følgjer at *«Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglement og dei årlege budsjettvedtak.»*

Av vedteke budsjettreglement punkt 3.5.2 følgjer at *«Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa for kvar sektor i driftsbudsjettet. Slike endringar skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.»*

Etter fylkesrådmannen si vurdering inneber realitetsinnhaldet i vedtaket punkt 2 at hovudutvalet går utanfor vedtekne økonomiske rammer. Vedtaket er heller ikkje innafor det handlingsrom hovudutvala er gjeve i økonomi- og budsjettreglement.

Hovudutvalet *«ber»* om at fylkesutvalet finn finansiering til gruppene nemnd i vedtaket. Sjølv om dette er formulert som ei oppmoding, er vedtakspunktet sitt realitetsinnhald i praksis avhengig av at saka vert sett på saklista i andre folkevalde organ (der det vert fatta vedtak om ytterlegare finansiering).

I kommunelova er nærare regulert korleis ei sak vert sett på saklista til/i eit møte i eit folkevald organ. Det følgjer av kommunelova § 11-3 (1) at *«lederen av et folkevalgt organ setter opp sakliste for hvert enkelt møte.»* Dette er det klare og enkle utgangspunkt. I kommunelova § 11-3 (1) fjerde punktum finst dessutan opning for at ei sak vert sett på saklista dersom minst 1/3 av organet sine medlemmer krev det. Kommunelova § 11-3 (5) har òg reglar om korleis eit organ kan fatte vedtak i sak som ikkje er ført opp på saklista.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å sende saka tilbake til hovudutval for opplæring og kompetanse for fornya behandling.